Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

14.oktober 2026

Innspel til Reguleringsmøtet - Sak 18/2027 vassild

Generelt

I det store og heile har fiskeriet, og reguleringa, gått greitt i 2026.

Avviklinga av førehandsstenginga av Trænadjupet har vore positiv, og har ikkje medført problem med fiske av undermåls fisk.

Flex og/eller slumpfiskeordning

Pelagisk Forening ønsker flex og/eller slumpfiskeordning på vassild.

I praksis er det vanskeleg å berekna nøyaktig kor mykje fisk ein får i eit trålhal. Flex på vassild, og/eller innføring av slumpfiskeordning for vassild vil gjera at det ikkje er naudsynt å ta omsyn til overfiske/underregulera før fordeling av kvotar på fartøynivå.

I praksis er kvotane så låge at dei fleste fiskar kvoten på ein tur. Flex og/eller slumpfiskeordning vil gjera at det ikkje er naudsynt med underregulering. Slike ordningar vil òg gje færre inndragingssaker, mindre arbeid for direktoratet, og større verdiskaping.

Avsetning til bifangst

Pelagisk Forening meiner at avsetninga til bifangst i Nordsjøen må vidareførast. Det er viktig at andre fiskeri ikkje stoppar opp pga. at det ikkje er satt av tilstrekkeleg kvantum til uungåeleg bifangst.

Med helsing

Pelagisk Forening - Pelagisk Servicekontor AS

Dokumentet er godkjent elektronisk.